




2026

Helseatlas

Psykisk helsevern for vaksne i perioden 2020-2024



Utgitt av: Helse Førde HF, Seksjon for forskning og innovasjon, Fag og utviklingsavdelinga

Gradering: Open

Dato: Mars 2026

Tittel: Helseatlas for psykisk helsevern for vaksne

Oppdragsgjevar: Helse- og omsorgsdepartementet og Helse Vest RHF

ISBN: 978-82-691504-8-3 E-bok (PDF)

Forfattarar:

Oddne Skrede

Sweta Tiwari

Haji Kedir Bedane

Knut Ivar Osvoll

Bjarne Martens Nes

Jagrati Jani-Bølstad

Ressursgruppe:

Helseatlas er utarbeidd i samarbeid med ei ressursgruppe beståande av:

Lars Ravn Øhlckers, Assisterande fagdirektør, Helse Vest RHF

Per Arne Holman, Analysesjef, Lovisenberg Diakonale Sykehus

Lars Lien, Professor, Universitetet i Innlandet, Leiar Norsk psykiatrisk foreining

Inge Joa, Stavanger Universitetssykehus, Leiar Nasjonalt kvalitetsregister for behandling i psykisk helsevern for vaksne

Eysteinn Udberg, Brukarrepresentant for Helse Førde HF, Rusettervernet i Sogn og Fjordane

Forord

Lik tilgang til helsetenester, uavhengig av kvar vi bur, er eit sentralt mål i norsk helsepolitikk. Helseatlas, som systematisk samanliknar bruken av helsetenester mellom ulike geografiske område, er eit viktig verktøy for å nå dette målet.

Det er no ti år sidan Helse Vest og Helse Nord fekk i oppdrag frå Helse- og omsorgsdepartementet å utvikle ei nasjonal helseatlasteneste i samarbeid med Helsedirektoratet. Sidan då har Fag- og utviklingsavdelinga i Helse Førde og Senter for klinisk dokumentasjon og evaluering (SKDE) i Helse Nord publisert over 20 atlas innan ulike fagområde.

I dette nyaste atlaset gir vi ei grundig oversikt over bruken av tenester innan psykisk helsevern for vaksne i Noreg i perioden 2020–2024. Atlaset viser at det samla sett ikkje er store geografiske skilnader i bruken av polikliniske tenester i psykisk helsevern, men at variasjonen er stor for fleire av dei største diagnosegruppene. Det er òg betydeleg variasjon i ventetider, pasientforløp, behandlingssintensitet og bruk av private avtalespesialistar. Til saman gir dette eit breitt bilete av korleis psykisk helsevern fungerer i Noreg – og kvar det er rom for forbetring.

I arbeidet med atlaset har vi hatt eit nært samarbeid med sentrale fagpersonar innan psykisk helsevern og ein brukarrepresentant. Vi vil rette ei stor takk til denne ressursgruppa, som har bidrege til å gjere atlaset både praksisnært og relevant.

Vi er glade for å kunne presentere Helseatlas for psykisk helsevern for vaksne frå Helse Førde – og håpar at funna vert tekne aktivt i bruk av fagmiljø og beslutningstakarar for å styrke psykisk helsevern i heile landet.

Førde 19.mars 2026

Dagrun Kyrkjebø
Konstituert utviklingsdirektør
Helse Førde HF

Innhald

1. Innleiing	5
2. Hovudfunn	6
3. Metode	7
3.1. Datakjelder.....	7
3.2. Geografisk inndeling	7
3.3. Utval og aldersgrupper.....	7
3.4. Definisjonar	8
3.4.1. Polikliniske kontaktdagar	8
3.4.2. Alvorsgrad.....	8
3.4.3. Innleggingar	9
3.4.4. Storbrukarar	9
3.4.5. Pasientforløp.....	9
3.4.6. Forløpsintensitet	10
3.5. Vurdering av variasjon.....	10
3.6. Kjønn- og aldersjustering.....	11
3.7. Datakvalitet og personvern	11
4. Resultat	12
4.1. Samla bruk av psykisk helsevern for vaksne	12
4.1.1. Vaksne i poliklinisk behandling (Helseføretak)	13
4.1.2. Vaksne i poliklinisk behandling (DPS-område).....	14
4.1.3. Forløpsintensitet.....	15
4.1.4. Døgnbehandling (Helseføretak).....	17
4.1.5. Døgnbehandling (DPS-område)	19
4.1.6. Storbrukarar	20
4.1.7. Forløp etter døgnbehandling.....	20
4.2. Diagnosespesifikk bruk av psykisk helsevern	23
4.2.1. Angstlidingar	23
4.2.2. Obsessiv-kompulsiv liding (OCD)	25
4.2.3. Post-traumatisk stressliding (PTSD).....	27
4.2.4. Depresjonslidingar	29
4.2.5. Bipolare lidingar.....	34

4.2.6.	Psykoselidingar.....	37
4.2.7.	Personlegdomsforstyrringar	41
4.2.8.	Attention Deficit/Hyperactivity Disorder (ADHD)	43
4.2.9.	Eteforstyrringar.....	45
4.3.	Kommunehelsetenesta.....	47
5.	Konklusjon.....	49
	Figurliste	50
	Referansar	52
	Vedlegg.....	53

1. Innleiing

Psykisk helsevern for vaksne omfattar eit breitt spekter av utgreiing, behandling og oppfølging i spesialisthelsetenesta og omfattar tenester i helseføretak, private ideelle organisasjonar og hos avtalespesialistar. Dette atlaset omfattar aktivitet i psykisk helsevern for vaksne og private avtalespesialistar i psykisk helsevern, og inkluderer både poliklinisk og døgnbasert behandling.

For å få tilgang til spesialisthelsetenester krevst det vanlegvis tilvising frå fastlege. Nokre pasientar får sitt første møte med psykisk helsevern gjennom øyeblikkeleg hjelp-innleggingar. I tillegg til spesialisthelsetenesta viser atlaset òg kor mange innbyggjarar som har vore i kontakt med fastlege for psykiske plager.

All rapportering i helseatlaset er gjort etter pasienten sin bustadregion, som svarar til opptaksområda til sjukehus og distriktpsikiatriske senter (DPS). Tal pasientar og kontaktar er også framstilt som ratar, altså tal per 10 000 innbyggjarar i det geografiske området.

Formålet med atlaset er å synleggjere geografiske variasjonar i bruk av tenester, og å bidra til betre innsikt og forståing av korleis tilbodet er organisert og nytta i ulike delar av landet. Datagrunnlaget gir eit viktig utgangspunkt for fagleg refleksjon og helsepolitisk planlegging. Ved å analysere slike mønster kan ein også identifisere moglegheiter for meir likeverdig tilgang til behandling, og peike på område der ressursbruken kan optimaliserast. Målet er å støtte arbeidet med å sikre mest mogleg likeverdig tilgang til psykisk helsevern for vaksne, uavhengig av kvar i landet ein bur.

2. Hovudfunn

Helseatlas for psykisk helsevern for vaksne viser at det er store geografiske forskjellar i bruk og organisering av psykisk helsevern i Noreg, trass i at pasientomfanget i psykisk helsevern har vore stabilt over tid på nasjonalt nivå. Forskjellane i tilgang til behandling og oppfølging av enkelte psykiske lidningar indikerer ulik praksis og organisering, og reiser spørsmål om tilbodet innan psykisk helsevern er likeverdig.

Hovudfunna kan oppsummerast i følgjande punkt:

- Det er betydeleg fleire kvinner enn menn som får behandling i psykisk helsevern for vaksne. Dei fleste pasientane er i aldersgruppa 25–44 år, som står for hovudtyngda av behandlingsaktiviteten.
- Det er store forskjellar i median ventetid mellom opptaksområda, frå rundt 25 til 80 dagar frå tilvising. Det er ingen klar samanheng mellom ventetid og kor intensiv behandlinga er etter oppstart.
- Medan den samla bruken av polikliniske tenester innan psykisk helse ikkje varierer stort i Noreg, er det store forskjellar mellom opptaksområda for dei enkelte diagnosegruppene, spesielt ADHD, eteforstyrning og personlegdomsforstyrning. Behandlingsaktiviteten varierer mykje. Opptaksområda som skil seg ut med høgast bruk av poliklinisk behandling har ofte ein høg andel som får behandling hos private avtalespesialistar. Det er også betydeleg variasjon mellom opptaksområda i den samla bruken av døgnopphald.
- Ein relativt liten andel av pasientane står for ein stor del av den samla ressursbruken i spesialisthelsetenesta. Pasientar med psykoselidningar er særleg overrepresentert blant storbrukarane, medan pasientar med angst- og stemningslidningar i gjennomsnitt har lågare tenestebruk.
- Mindre enn halvparten av pasientane med depresjon eller psykose som er utskrivne frå døgnbehandling får oppfølging innan ei veke. Det er betydeleg geografisk variasjon i oppfølginga både frå spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta etter utskriving, særleg ved psykoselidningar. Oppfølging og god koordinering etter at pasienten er utskrivne er kritisk viktig for å sikre kontinuitet og redusere risikoen for tilbakefall og alvorlege utfall som sjølvskade og sjølvskade.
- Tal pasientar og poliklinisk behandling for depresjon og angst har gått noko ned i perioden 2020-2024, men er framleis dei mest utbreidde diagnosane i spesialisthelsetenesta. Kategorisert etter alvorgrad er det diagnosen moderat depresjon som står for størsteparten av den polikliniske behandlinga i alle opptaksområda. Dette viser at spesialisthelsetenesta ikkje berre behandlar dei mest alvorlege tilfella, men og eit stort volum pasientar med mildare lidningar.
- Poliklinisk behandling for vaksne med ADHD har nær dubla seg på landsbasis i perioden 2020-2024, og auken er gjennomgåande for alle opptaksområda. Det er flest unge vaksne som får behandling for ADHD og fleire kvinner enn menn.
- Over ein halv million personar, tilsvarande 17% av den vaksne befolkninga, hadde årleg kontakt med fastlege eller legevakt for psykiske plager. I gjennomsnitt hadde

desse 3,3 konsultasjonar i året. Det var ei auke i konsultasjonar for alle opptaksområde i perioden, med liten geografisk variasjon.

3. Metode

3.1. Datakjelder

Grunnlaget for analysane er registerdata henta frå:

- Norsk pasientregister (NPR)
- Kommunalt pasient- og brukarregister (KPR)
- Statistisk sentralbyrå (SSB)

NPR gir data om aktivitet i sektorane psykisk helsevern for vaksne og avtalespesialistar. KPR gir data om konsultasjonar hjå allmennlege og legevakt. Begge registera er forvalta av Folkehelseinstituttet (FHI) og data dekkjer perioden 2020–2024. Innbyggjartal er henta frå SSB.

Helse Førde er aleine ansvarleg for tolking og presentasjon av data som er utleverte. NPR og KPR har ikkje ansvar for analysar eller tolkingar som er baserte på data dei har levert ut

3.2. Geografisk inndeling

Dei fire regionale helseføretaka har eit lovpålagt sørge-for-ansvar for å tilby innbyggjarane nødvendige tenester i spesialisthelsetenesta. Tilbodet skal vere likeverdig, uavhengig av kvar i landet ein bur (Helsedirektoratet, 2015). Ved vurdering av geografisk variasjon i innbyggjarane sin bruk av psykiske helsetenester i vaksen-psykiatrien, er landet difor delt inn etter helseføretaka sine opptaksområde.

Pasientane er plasserte i buområde etter folkeregistrert adresse på kontaktpunktet. Analysane i helseatlasen er basert på kva opptaksområde pasienten bur i, og ikkje kvar behandlinga fann stad. Buområda svarar til helseføretaka sine opptaksområde i 2025. I analysar på distriktpsikiatriske senter (DPS)-nivå er SSB si kommunefordeling frå 2025 nytta. Der informasjon om bustadkommune mangla i datagrunnlaget, blei pasienten ekskludert frå analysane. Liste over kva helseføretak eller sjukehus det er definert opptaksområde for, kortnamna på desse og kva kommunar og bydelar som høyrer til kvart opptaksområde og DPS-område finn du i Vedlegg 1.

3.3. Utval og aldersgrupper

Analysen omfattar personar i alderen 18–64 år, definert ut frå alder ved kontakt i psykisk helsevern for vaksne. Enkelte pasientar over 18 kan likevel framleis få behandling i barne- og ungdomspsykiatrien (BUP), utifrå stabilitet i sjukdomsbiletet og for å omsynta behovet for kontinuitet i behandlinga.

Pasientane som inngår i analysen har hatt kontakt med sektorane:

- Psykisk helsevern for vaksne
- Avtalespesialistar i psykisk helsevern

I overordna analysar er alle opphald inkluderte uavhengig av diagnosar, medan opphald i diagnosespesifikke analysar er inkluderte ved relevante F-kodar i ICD-10-kodeverket.

I analysar for kommunehelsetenesta er aktuell kode i kodeverk ICPC-2 nytta: P01-P29 (symptom og plager) og P70-P99 (diagnosar/sjukdommar) unntatt P15-P19 (gjeld ruslidingar). Følgjande takstkodar er brukt:

- '2ad': Fysisk konsultasjon dagtid
- '2ae': E-konsultasjon dagtid
- '2aef': E-konsultasjon kveld
- '2aek': E-konsultasjon legevakt/kveld
- '2ak': Fysisk konsultasjon kveld/legevakt
- '2ed': Gruppebehandling
- '11ad': Heimebesøk, dagtid
- '11ak' -Heimebesøk, kveldstid

Det er rekna tal på unike pasientar per år og buområde. Pasientar som flyttar kan bli telt fleire gonger i ulike buområde. Det nasjonale pasienttalet er derfor noko lågare enn summen av pasientar i alle buområde.

3.4. Definisjonar

3.4.1. Polikliniske kontaktdagar

Polikliniske kontaktdagar reknast som all kontakt der pasienten vart inn- og utskriven same dato, og omfattar både polikliniske konsultasjonar og dagbehandling. Kontaktane omfattar både direkte og indirekte konsultasjonar. Atlaset skil ikkje mellom fysiske konsultasjonar og konsultasjonar som skjer via video eller telefon, og inkluderer òg andre typar indirekte kontaktar. Administrative kontaktar er ikkje konsultasjonar, men er eit mål på den breiare oppfølginga pasienten får.

Analysane nyttar kontaktdagar som aktivitetsmål, då vi ser helsetenestebruk frå pasienten sitt perspektiv, og såleis ikkje skil mellom ulike måtar å strukturere dagen på. ISF-reglementet nyttar ei liknande praktisk tilnærming, ved at polikliniske kontaktar i løpet av same dagen som hovudregel skal slåast saman til eitt opphald, med enkelte unntak. Strukturerte polikliniske opphald tel som berre eitt opphald uavhengig av desse unntaka. Opphald etter ISF-reglementet er òg aktuelle som aktivitetsmål, men ISF-opphald endrar resultatata i analysane lite.

3.4.2. Alvorsgrad

Kontaktar for depresjon og bipolare lidingar er klassifiserte etter alvorsgrad.

Alvorsgrad ved depressive lidingar:

- Alvorleg: F32.2–.3, F33.2–.3
- Moderat: F32.1, F33.1
- Mild: F32.0, F33.0
- Vedvarande stemningsliding: F34.* (inkludert underkodar)
- Uspesifisert episode: F32.8–.9, F33.8–.9, F33.4, samt treteiknskodar F32/F33

Alvorsgrad ved bipolare lidningar:

- Alvorleg: F30.2, F31.2, F31.4, F31.5
- Moderat: F30.1, F31.1, F31.3, F31.6
- Mild: F30.0, F31.0, F31.7
- Uspesifisert episode: F30.8–.9, F31.8–.9, samt treteiknskodar F30/F31

3.4.3. Innleggingar

Døgnopphald er definert som opphald med:

- Omsorgsnivå lik 1 eller utdato større enn inndato, innan sektor psykisk helsevern for vaksne. Opphald vert slått saman når dei inngår i same behandlingsforløp, t.d. ved flytting mellom institusjonar, og der det ikkje går meir enn 8 timar mellom utskriving og ny innskriving.
- Aktuell utskrivingsdiagnose som hovudtilstand

Ved samanslåtte opphald i diagnosespesifikke analysar vert opphaldet inkludert ved hovudtilstand i det siste av dei samanslåtte opphalda. I dei diagnosespesifikke analysane vert behandling analysert dersom talgrunnlaget er stort nok til at det er statistisk robust. Innleggingar er analyserte dersom tal personar med ein spesifikk diagnose på årsbasis er rundt 2000 eller høgare.

3.4.4. Storbrukarar

Analysar av storbrukarar viser pasientane med høgast tal kontaktdagar og døgnopphald, ved fem grupper som utgjer den eine halvparten av aktiviteten. Kontaktdagar og innleggingar er nytta som eining, etter definisjonar i standardanalysar, med inkludering av aktuell diagnose som hovudtilstand. Mange pasientar har fleire opphald med ulike diagnosekodar, og pasientar med fleire diagnosar kan såleis inngå i fleire diagnosegrupper. Grupperinga vert gjort ved å sortere tal episodar per pasient frå høgste til lågaste tal, og deretter dele pasientar i ti grupper etter sum av episodar. Gruppering av kvar tiande prosentdel er gjort etter summering av tal episodar inntil summen utgjer ti prosent, så startar summering av neste tiande prosentdel osv. Det betyr at tal pasientar vert lågare i grupper med høgare tal episodar per pasient.

3.4.5. Pasientforløp

Analysen av pasientforløp etter døgnbehandling byggjer på helseregisterdata som koplar informasjon om innleggingar, utskrivingar og vidare kontaktar i både spesialist- og kommunehelsetenesta. Populasjonen består av pasientar med psykoselidningar eller depresjon som utskrivingsdiagnose, som har vore innlagde i psykisk helsevern for vaksne og utskrivne i perioden 2020-2023.

For kvar utskriving blir pasientane følgde i tre definerte tidsintervall; (i) dei første 72 timane, (ii) dei første 7 dagane og (iii) dei første 30 dagane etter utskriving. Desse periodane er valde fordi dei representerer kritiske fasar der risikoen for tilbakefall, manglande oppfølging og behov for samanhengande tenester er særleg høg.

Datagrunnlag og aktivitetar som inngår i analysen omfattar følgjande:

- Spesialisthelsetenesta: polikliniske kontaktar og reinnleggingar innan sektor psykisk helsevern med hastegrad.
- Kommunale tenester: Konsultasjonar, definert ved takstkodar, og kontaktar med fastlege eller legevakt med tilstandskode i ICPC2-kodeverket som byrjar på P (psykiske symptom, plager eller lidingar)

3.4.6. Forløpsintensitet

Analyse av forløpsintensitet identifiserer polikliniske kontaktdagar i sektor psykisk helsevern for vaksne, med minst ein kontakt med aktuell F-kode på tilvisinga. Tilvisingsperioden startar når tilvisinga er motteken, og identifiserer dato ved variablane ansienddato og ventetid sluttdato.

Siste dag er sett til 8. kontaktdag, fordi kontaktdagar etter denne får for få moglegheiter for inklusjon for 2023, som omfattar kontaktdagar fram til utgangen av 2024. Grensa avheng av kor mange kontaktdagar kvar pasient har, og ettersom vaksne har lågare tal kontaktdagar per pasient enn barn og unge er forløpstida i analysen sett kortare enn i tidlegare publisert i Helseatlas for barn og unge ([Helseatlas Psykisk helsevern for barn og unge, 2025](#)).

3.5. Vurdering av variasjon

Ei rekke mål kan nyttast for å fastsetje størrelsen på variasjonen. Variasjon i Helseatlas er målt ved forholdstal (FT og FT2), variasjonskoeffisient (CV) og systematisk variasjonskomponent (SCV og SCV2).

Forholdstal (FT) er enkle mål på variasjon som viser forholdet mellom den høgaste og lågaste raten. Såleis viser høgare forholdstal større variasjon i ratane. For forholdstal2 (FT2) er den høgaste og lågaste raten fjerna, som gjer målet mindre følsamt for ekstremverdiar.

Variasjonskoeffisienten (CV) er standardavviket til ratane dividert på gjennomsnittet til ratane, multiplisert med 100. CV tek omsyn til alle ratane og korleis desse varierer frå gjennomsnittet.

Den systematisk variasjonskomponenten (SCV) reknar òg variasjon av alle ratane, men tek omsyn til den systematiske delen av variasjonen, noko som gjer målet til det føretrekte. For SCV2 er den høgaste og lågaste raten fjerna, som gjer målet mindre følsamt for ekstremverdiar.

Vi reknar variasjon målt ved SCV på mindre enn 3 som liten variasjon, 3,1 til 5,4 som middels variasjon, 5,5 til 10 som stor variasjon og SCV meir enn 10 som særst stor variasjon. I litteraturen har det vore foreslått at SCV større enn 3 kan tilskrivast praksisforskjellar i helsetenesta (Appleby et al., 2011).

Medan forholdstala er enklare å bruke og tolke, er CV og SCV meir fullstendige mål på variasjon. SCV tek i tillegg omsyn til at delar av variasjonen er tilfeldig, og sidan den såleis justerer for tilfeldig variasjon ved små tal er den ofte det føretrekte målet på variasjon. SCV har likevel svakheiter ved at den er sårbar for tal kontaktar eller pasientar, samt

forskjellar i tal innbyggjarar mellom opptaksområda. Det talar for ei meir samansett vurdering av variasjon der dei ulike måla på variasjon vert tolka heilskapleg.

Dei to variantane av forholdstala, samt dei to variantane av systematisk variasjonskomponent, skil seg frå kvarandre etter om høgaste og lågaste bør takast omsyn til eller ikkje. I statistikk har dei ytste verdiane ofte stor innverknad på målet ein reknar ut, og om innverknaden er for stor er det aktuelt å utelate desse for at måla vere mindre sensitive for ytterverdiane (FT2, SCV2). Utelating kan likevel vere problematisk fordi dei ytste verdiane representerer reelle data for delar av pasientpopulasjonen som er like sentrale som resten. FT2 og SCV2 bør i dette atlaset tilleggast mindre vekt enn høvesvis FT og SCV ettersom dei ytste verdiane har høg relevans.

3.6. Kjønns- og aldersjustering

For å kunne gjere samanlikningar av tenestebruk på tvers av opptaksområde med ulik kjønns- og alderssamansetnad, er alle ratar i atlaset justerte for alder og kjønn. Utan slik justering ville observerte forskjellar i bruk av tenester i større grad kunne reflektere demografiske variasjonar i befolkningsamansetnad snarare enn reelle forskjellar i tenestebruk. Justeringa av ratane er gjort ved direkte standardisering, med befolkninga per 2022 som referanse. Ved utrekning av standardiserte ratar vert ratane vekta med den eine, same folketalssamansetnaden som i landet som heilskap, så standardiserte ratar viser ratane om opptaksområda hadde hatt denne befolkningsamansetnaden. Slik vert dei standardiserte ratane samanliknbare mellom opptaksområda og forskjellar i alders- eller kjønnsamansetnad mellom opptaksområda er ikkje årsak til variasjon i standardiserte ratar.

Justering av systematisk variasjonskomponent (SCV) og SCV 2 er utført ved bruk av indirekte standardisering. Standardiseringa tek utgangspunkt i den gjennomsnittlege femårige landsraten, og vektar denne med kjønns- og alderssamansetnaden i opptaksområda. I utrekninga av SCV inngår såleis ratar for opptaksområda som om dei hadde hatt same tal pasientar/kontaktar som på landsbasis, men tek omsyn til ulik kjønns- og alderssamansetnad.

Det er ikkje justert for andre forhold som kan tenkast å påverke behovet for tenester, til dømes sosiodemografiske faktorar. Variasjonen må derfor tolkast i lys av dette.

3.7. Datakvalitet og personvern

Ved feil eller manglar i data vart desse handterte på følgjande måte:

- I data for avtalespesialistar mangla ein del kontaktar informasjon om pasienten sitt kjønn. For desse pasientane vart kjønn henta frå ein annan kontakt pasienten hadde
- Opphald med ukjent ut-dato vart ekskluderte


Av personvernomsyn vert ikkje tal eller ratar publiserte dersom dei byggjer på færre enn 6 pasientar.

4. Resultat

4.1. Samla bruk av psykisk helsevern for vaksne

Primær- og spesialisthelsetenesta har komplementære roller i utgreiing og behandling av psykiske lidingar hos vaksne. Primærhelsetenesta er oftast pasienten sitt første møte med helsetenesta, og har ein viktig tilvisingsfunksjon. Dei står òg for behandling av lettare og moderate psykiske lidingar. Dersom pasienten har eitt eller fleire symptom på moderat til alvorleg psykisk liding som gir redusert funksjonsevne, skal primærhelsetenesta vurdere tilvising til spesialisthelsetenesta. Spesialisthelsetenesta tilbyr utgreiing og behandling ved meir samansette eller alvorlege tilstandar, og skal samarbeide med kommunen der det er behov for langvarig oppfølging.

Pasientar med behov for langvarige og koordinerte tenester har rett til å få ein koordinator i både kommune- og spesialisthelsetenesta. Ved poliklinisk behandling i spesialisthelsetenesta er det behandlingsansvarleg lege som avklarar kven som følgjer opp pasienten. Det kan anten vere fastlegen eller lege i spesialisthelsetenesta.



Kjelde: NPR

Figur 1. Gjennomsnittleg tal pasientar i psykisk helsevern per år i perioden 2020-2024.

Figuren over viser kjønns- og aldersfordelinga blant vaksne pasientar (18–64 år) som har hatt kontakt med psykisk helsevern i spesialisthelsetenesta. Den illustrerer at kvinner er overrepresenterte i dei fleste aldersgrupper. Kjønnsforskjellen og den skeive aldersfordelinga kan spegle reelle variasjonar i førekomst og alvorsgrad av psykiske lidingar, men kan òg reflektere ulik terskel for å søkje hjelp og systematiske skilnader i bruk av tenester mellom kjønna. Samstundes kan variasjonane vere knytte til strukturelle forhold

i tenestetilbodet, som prioriteringar, tilvisingspraksis og i kva grad tenestene er tilpassa ulike livsfasar. Dette peikar på behovet for å vurdere om psykisk helsevern for vaksne er tilstrekkeleg tilgjengeleg og treffsikkert utforma for ulike kjønnsgrupper.


I det følgjande vil vi gå nærare inn på poliklinisk aktivitet og døgntil behandling for psykiske lidingar, i analyse av overordna aktivitet i psykisk helsevern for vaksne og hos avtalespesialistar i psykisk helsevern. I dei overordna analysane undersøker vi aktiviteten samla, og i dei diagnoserespesifikke analysane vert behandling analysert dersom talgrunnlaget er stort nok til at det er statistisk robust.

4.1.1. Vaksne i poliklinisk behandling (Helseføretak)

I perioden 2020-2024 fekk i gjennomsnitt 183 000 personar årleg poliklinisk behandling for psykiske lidingar, med til saman 2 259 000 kontaktdagar årleg. Det betyr at kvar person i gjennomsnitt hadde 12,3 kontaktdagar kvart år. Pasientraten for poliklinisk behandling var relativt stabil på landsbasis i løpet av femårsperioden, samt for dei fleste opptaksområda, medan enkelte hadde betydelege endringar (Vedlegg 5). Den geografiske variasjonen i pasientratar mellom opptaksområda var liten, og dei fleste låg nær landsgjennomsnittet. Lovisenberg skil seg ut med ein høgare pasientrate på 735 per 10 000 innbyggjarar, medan Stavanger ligg i nedre del av skalaen med ein rate på 465 per 10 000 innbyggjarar.

Kontaktdagsraten var svært stabil frå år til år, både for landet som heilskap og for dei aller fleste opptaksområda, men UNN og Finnmark hadde ein betydeleg auke i rate for kontaktdagar gjennom perioden (Vedlegg 5). Dei fleste opptaksområda ligg relativt nær landsnivået, men enkelte område skil seg ut. Oslo (Lovisenberg og Oslo universitetssykehus (OUS)) har både høg total kontaktmengde og ein stor del av behandlinga utført av avtalespesialistar. Helgeland, Finnmark og St. Olav har låg total kontaktmengde og svært låg bruk av avtalespesialistar. Dette kan spegle ulikskap i organisering, tilgjenge og kapasitet i spesialisthelsetenesta, samt variasjon i kor mange avtalespesialistar som finst i regionen. Høg andel behandling hos avtalespesialistar kan indikere eit utbreidd privattilbod, men bruken kan òg påverke samhandling og koordinering, særleg ved behov for langvarig oppfølging.

At kontaktdagar varierer meir enn pasientratar tyder òg på forskjellar i intensitet og varigheit av behandling, ikkje berre i tilgang. Nokre område behandlar fleire pasientar med færre kontaktar, medan andre gir meir omfattande behandling til eit mindre tal pasientar.



Figur 2. Tal pasientar (øverst) og tal kontaktdagar (nederst) i poliklinisk behandling i psykisk helsevern. Tala er per 10 000 innbyggjarar i alderen 18-64 år.

4.1.2. Vaksne i poliklinisk behandling (DPS-område)

Når vi ser nærare på opptaksområda for dei distriktpsikiatriske sentra (DPS) er det meir lokale variasjonar enn det som kjem fram på helseføretaksnivå. Troms, Lofoten og Voss skil seg ut med dei største endringane gjennom femårsperioden. Figur og tabell som viser variasjonar mellom om lag 70 DPS-opptaksområde finnes i nettversjonen ([Helseatlas Psykisk helsevern for vaksne](#)).

Pasientratane varierer frå 455 på Jæren til 788 i Nord-Troms, noko som viser at forskjellane mellom dei DPS-områda ikkje er mindre enn dei vi ser mellom helseføretaka sine opptaksområde. Det er nokre systematiske skilnader mellom dei regionale helseføretaka. Helse Midt og Helse Sør-Øst ligg begge rundt 554, noko over landsraten på 547 pasientar per 10 000 innbyggjarar. Helse Vest ligg noko lågare med ein rate på 538 pasientar per 10 000 innbyggjarar, medan Helse Nord ligg høgast med ein pasientrate på 563 per 10 000 innbyggjarar. Desse variasjonane kan indikere ulik organisering, avstand, kapasitet og bruk av polikliniske tenester mellom DPS-områda.

Kvart år hadde om lag 183 000 personar til saman rundt 2 259 000 kontaktdagar i poliklinikk. Det svarer til eit gjennomsnitt på 12,3 kontaktdagar per person. Raten er stabil på landsbasis gjennom perioden, men for enkelte av DPS-områda er endringane betydelege. Nord-Troms, Tromsø og omegn, Vesterålen og Midt-Finnmark hadde markant auke, medan Kongsvinger og Voss hadde ein tydeleg nedgang. Variasjonen mellom DPS-områda var stor. Lovisenberg og Nord-Troms skil seg ut med høgaste ratar samanlikna med andre DPS-område.

Når ein ser på tal kontaktdagar per pasient, er forskjellane også store. Gjøvik, Tromsø og omegn og fleire bydelar i Oslo er blant DPS-områda med høgast tal kontaktdagar per pasient. I nedre del er alle DPS i Helse Førde, samt fleire DPS i Finnmark og Fonna .

Mellom dei regionale helseføretaka har Helse Midt klart lågast tal kontaktdagar per pasient, medan Helse Vest og Helse Nord ligg noko høgare. Helse Sør-Øst er den einaste regionen som ligg over landssnittet på 12,3, med 12,8 kontaktdagar per pasient, om lag ein kontakt meir per pasient enn dei andre regionane.

4.1.3. Forløpsintensitet

Intensitet, det vil seie kor hyppig det er dagar med kontakt mellom pasient og tenestene, er eit viktig kvalitetsmål for behandling av mange psykiske lidningar. I det følgjande viser vi mål på forløpsintensitet i den tidlege delen av pasientforløpet i poliklinisk behandling for nokre større diagnosegrupper: depresjon, angstlidningar, PTSD, eteforstyrning og personlegdomsforstyrningar.

Analysen av forløpsintensitet omfattar helseføretaka, ettersom adekvate tal for private avtalespesialistar ikkje er tilgjengelege. Den omfattar såleis rundt 75 prosent av aktiviteten i spesialisthelsetenesta, og må tolkast med atterhald om at den ikkje er fullt ut representativ.

Analysen inkluderer forløp av ulik varigheit frå året der tilvisinga var motteken. For å sikre at alle pasientar skal kunne bli registrerte med eit langt nok forløp frå motteken tilvising, er 2023 siste år i analysen. Median er nytta som mål og viser til det tal dagar som er hyppigast førekommande. Gjennomsnittet er noko høgare, men kan vere misvisande for samanlikning fordi ein mindre del pasientar med høgt tal dagar trekker opp gjennomsnittet mykje.

I tabellen viser kolonnane under kontaktdag 1 åra for motteken tilvising, og median tal dagar fram til første kontaktdag, altså til første polikliniske time etter at tilvisinga kom til spesialisthelsetenesta. Såleis viser kolonnane under kontaktdag 1 median tal dagar pasientane i det aktuelle opptaksområdet har i ventetid. Vidare viser kolonnane under kontaktdag 2 median tal dagar frå 1. til 2. kontaktdag for kvart av åra. Kolonnane under kontaktdag 3 median tal dagar frå 2. til 3. kontaktdag osv.

Kontakttdag	1				2				3				4				5			
	2020	2021	2022	2023	2020	2021	2022	2023	2020	2021	2022	2023	2020	2021	2022	2023	2020	2021	2022	2023
UNN	76	84	84	63	9	9	10	9	8	8	9	8	9	8	9	8	8	9	10	8
Finnmark	48	52	55	55	12	14	14	13	10	13	13	11	11	13	12	10	11	13	13	11
Lovisenberg	48	52	54	52	10	10	10	9	9	9	9	9	9	9	10	9	10	9	10	9
Østfold	49	52	54	49	10	11	12	14	12	12	11	10	10	11	10	10	10	11	11	10
Nordland	52	46	53	49	9	9	10	9	8	8	8	8	8	8	8	8	8	9	8	8
Møre og Romsdal	49	56	49	37	9	12	11	9	9	11	10	9	9	11	10	8	10	11	11	9
Sørlandet	49	46	46	40	10	12	14	12	8	9	10	9	8	10	10	10	9	9	11	10
Ahus	41	42	49	49	9	10	11	10	9	10	11	10	9	10	12	11	9	11	12	11
Innlandet	43	47	48	40	11	10	10	9	9	10	10	9	9	10	10	9	9	11	10	9
Nord-Trøndelag	35	43	48	51	8	10	10	10	8	9	10	10	8	9	12	11	8	10	12	10
OUS	43	48	42	40	10	11	11	12	8	9	9	8	9	9	9	9	8	10	9	9
Fonna	36	40	49	48	8	9	10	8	10	9	11	9	10	11	13	10	10	11	13	11
St. Olav	40	48	49	33	10	11	11	11	9	10	10	9	10	11	10	9	9	10	10	8
Vestre Viken	39	42	42	43	9	10	11	10	9	10	11	10	9	10	11	11	9	11	12	10
Stavanger	43	41	44	36	10	11	11	10	9	11	11	10	9	11	11	10	9	11	13	9
Diakonhjemmet	34	38	49	37	19	18	15	14	8	8	8	8	8	8	8	7	8	8	8	7
Telemark	32	39	36	50	8	9	9	8	8	9	9	8	8	10	9	9	8	10	10	9
Bergen	34	40	41	41	9	10	11	9	9	10	10	9	9	11	10	10	9	10	10	9
Helgeland	41	41	35	35	7	8	8	8	7	8	8	7	8	8	8	8	8	8	8	8
Vestfold	24	37	43	43	8	10	11	10	8	10	11	10	8	10	10	8	8	9	10	8
Førde	25	31	28	26	14	14	14	13	13	14	14	13	14	14	13	13	14	14	14	13

Kontakttdag	6				7				8				3.-8.	1.-8.	Diff.
	2020	2021	2022	2023	2020	2021	2022	2023	2020	2021	2022	2023			
UNN	9	9	10	8	9	9	10	9	9	10	11	8	8,9	17,4	8,5
Finnmark	10	14	11	11	11	13	12	10	10	13	12	9	11,5	16,9	5,3
Lovisenberg	10	10	10	9	10	10	9	8	10	11	10	8	9,4	14,7	5,3
Østfold	10	12	11	10	10	12	12	10	10	12	12	10	10,8	15,9	5,1
Nordland	8	8	8	8	8	10	8	8	8	9	8	8	8,2	13,5	5,4
Møre og Romsdal	10	11	11	9	11	12	11	8	12	12	11	8	10,2	14,9	4,7
Sørlandet	9	10	10	9	9	9	11	9	9	11	11	9	9,5	14,3	4,8
Ahus	10	11	12	10	10	11	12	10	10	11	12	10	10,6	14,8	4,3
Innlandet	10	10	10	9	10	11	11	9	10	11	11	9	9,8	14,2	4,4
Nord-Trøndelag	8	9	11	10	8	10	11	8	8	10	10	8	9,5	13,8	4,3
OUS	9	10	9	9	9	10	10	9	9	10	9	9	9,1	13,6	4,5
Fonna	11	11	13	11	11	12	14	10	11	12	13	10	11,1	14,8	3,7
St. Olav	9	11	10	8	9	10	11	8	9	11	10	8	9,5	13,8	4,3
Vestre Viken	10	11	12	11	10	11	12	10	10	11	12	10	10,5	14,3	3,8
Stavanger	10	11	12	9	10	11	12	9	11	12	12	9	10,5	14,3	3,8
Diakonhjemmet	8	8	8	8	8	8	8	8	8	8	8	8	7,9	12,9	5,0
Telemark	8	10	10	8	8	11	10	9	9	11	10	8	9,1	12,8	3,7
Bergen	9	9	10	9	8	10	10	8	9	10	10	8	9,4	13,2	3,7
Helgeland	8	9	8	8	8	9	9	8	8	9	8	8	8,1	11,8	3,7
Vestfold	7	9	9	7	8	8	9	7	8	8	8	7	8,5	12,2	3,7
Førde	13	14	14	11	12	14	13	13	12	14	13	12	13,3	15,1	1,8

Figur 3. Forløpsintensitet i det tidlege pasientforløpet i poliklinisk behandling

Det er store forskjellar i ventetider mellom opptaksområda. Personar heimehøyrande i opptaksområda til UNN eller Finnmark har meir enn dobbelt så lange ventetider som personar i Vestfold eller Førde. Kolonne 2 viser at områda med lange ventetider ikkje nødvendigvis er dei med låg intensitet når forløpet kjem i gang. Finnmark, Østfold og Diakonhjemmet har forholdsvis høgt tal dagar frå kontaktdag 1 til kontaktdag 2, og av desse har dei to førstnemnde lågare intensitet til dei neste kontaktdagane, medan intensiteten for Diakonhjemmet er høgare for dei neste kontaktane. Frå kontaktdag 3 og vidare utover i forløpet held intensiteten seg relativt stabil for alle opptaksområda.

Gjennomsnitt av 1.-8. kontaktdag og 3.-8. kontaktdag, vist i kolonnane nede til høgre, viser intensiteten i heile det tidlege forløpet, og intensiteten når forløpet er komme litt i gang. Kolonna med tittel "Diff." viser differansen i intensiteten mellom periode 1.-8. og 3.-8. Tala i denne kolonna viser dermed om intensiteten er ulik utover i forløpet (3.-8.) samanlikna med heile perioden (1.-8.). Såleis viser ein høg differanse om det gitt rett til helsehjelp, medan låg differanse viser større grad av planmessigheit. Det er jamt over ikkje nokon sterk samheng mellom ventetider og intensitet når forløpet kjem i gang. Men nokre opptaksområda skil seg frå dette: Førde har kort ventetid, men lågare intensitet

i forløpet vidare. Motsett har UNN og Nordland lange ventetider, men høg intensitet når forløpet kjem i gang.

4.1.4. Døgnbehandling (Helseføretak)

I perioden 2020-2024 var i gjennomsnitt 21 800 personar innlagde årleg i psykisk helsevern for vaksne. Pasientraten var svært stabil i løpet av femårsperioden, både på landsnivå og i dei fleste opptaksområda. På landsbasis svarte dette til 65 innlagde pasientar per 10 000 innbyggjarar kvart år, om lag 0,6 prosent av den vaksne befolkninga i alderen 18-64 år.


Geografisk variasjon i pasientratane er middels, med ein systematisk variasjonskomponent (SCV) på 3,9. I både Helse Vest og i Helse Midt låg alle opptaksområda nært opp mot landsgjennomsnittet, medan Helse Sør-Øst viste større indre variasjon. I Oslo-området hadde dei fleste opptaksområda, med unntak av Lovisenberg, blant dei lågaste ratane nasjonalt.

Høgast pasientratar finn ein i delar av Helse Nord. Opptaksområda i Finnmark, Nordland og UNN hadde alle rundt 92 innlagde pasientar per 10 000 innbyggjarar årleg, klart høgare enn landsgjennomsnittet. Lågast rate hadde Diakonhjemmet, med 39 innlagde pasientar per 10 000 innbyggjarar.

I perioden 2020-2024 hadde pasientane i gjennomsnitt 39 200 døgnopphald årleg i psykisk helsevern. Det betyr at kvar pasient i gjennomsnitt hadde 1,8 døgnopphald årleg. Døgnopphaldsraten var svært stabil i løpet av femårsperioden, både for landet som heilskap og for dei fleste opptaksområda.


Variasjonen mellom opptaksområda som heilskap var stor, med ein SCV på 6,6. UNN skil seg ut med høgare døgnopphaldsrate enn øvrige opptaksområde. UNN har rundt fire gonger så høg døgnopphaldsrate som Diakonhjemmet, som har lågast rate. Forskjellar i døgnopphaldsrate kan reflektere forskjellar i behov, men òg at tilbodet er ulikt organisert. Til dømes har enkelte opptaksområde meir utbygde FACT-tilbod - oppsøkande behandlingsteam - enn andre, som gir ei vridning i retning av høgare poliklinisk tilbod.

Figuren under viser at det er middels geografiske forskjellar (SCV 3,4) i liggedøgn per 10 000 innbyggjarar i psykisk helsevern for vaksne (18-64 år) og ratane er relativt stabile over tid. UNN, Finnmark og Telemark ligg høgast, medan Nord-Trøndelag, Vestfold og Diakonhjemmet har lågast liggedøgn. Variasjonen mellom regionar kan spegle ulik organisering, tilgjenge til ambulante tenester, kapasitet i døgnbehandling og lokal behandlingspraksis. 2024-nivået ligg for dei fleste regionar på om lag same nivå som tidlegare år, noko som tyder på at forskjellane er strukturelt forankra og stabile over tid.



Figur 4. Tal pasientar (øverst), opphaldsrate (midten) og liggedøgnrate (nederst) i døgnbehandling i psykisk helsevern. Tala er per 10 000 innbyggjarar i alderen 18-64 år.

Median liggetid i dagar for døgnopphald i psykisk helsevern for vaksne i Norge var på 7 dagar, men det er betydelege geografiske forskjellar. Nokre opptaksområde har svært korte opphald, medan andre har om lag dobbelt så lang median liggetid. Variasjonen innanfor fleire område er betydeleg, noko som kan tyde på ulik pasientsamansetning eller praksis. Det samla biletet peiker på at liggetida i døgnbehandling varierer mellom regionar.



Kjelde: NPR

Figur 5. Liggetid i tal dagar for døgnopphald hos vaksne i psykisk helsevern.

4.1.5. Døgnbehandling (DPS-område)

Kvart år hadde 21 800 personar 39 200 samla opphald i spesialisthelsetenesta. For dei fleste regionane som heilskap var ikkje endringa så stor i perioden, men det var betydelege endringar mellom opptaksområda til kvart av dei distriktpsikiatriske sentra. Av regionane hadde Helse Nord den høgaste raten, medan dei tre øvrige var nær landsraten.

For kvar enkelt av regionane var variasjonen lågare i Helse Midt og Helse Vest, samanlikna med dei to øvrige regionane. I Helse Sør-Øst hadde Strømmme rundt tre gonger så høg opphaldsrate som Vindern, som hadde lågast. Mange av DPS-områda i Oslo-området er i nedre del. I Helse Nord var òg variasjonen betydeleg, der Sør-Troms har over dobbelt så høg rate som Mosjøen, som har lågast. Figur og tabell for døgnbehandling per DPS-område finnes i [nettversjonen av atlaset](#).

4.1.6. Storbrukarar

Analysar av storbrukarar viser at ein liten del av pasientane står for ein stor del av bruken av helsetenestene i psykisk helsevern, ved at dei viser fordelinga i bruk av pasientar som står for høgast tal av høvesvis kontaktdagar og døgnopphald per pasient. Pasientar med psykoselidingar utgjer ein stor andel, om lag halvparten av pasientane i gruppa med flest polikliniske kontaktar (820 pasientar), og nær 90 prosent i gruppa med flest døgnopphald (217 pasientar).

Angst- og stemningslidingar er vanlegare i pasientgruppene med lågare bruk av helsetenester (rundt 2200 pasientar). Talet på pasientar med psykoselidingar viser ein svak auke (150 pasientar). For meir detaljerte tal, metodisk grunnlag og fordelingar etter diagnosegrupper og bruksnivå sjå Vedlegg 4.

4.1.7. Forløp etter døgnbehandling

Pasientar som har vore innlagde for psykiske lidingar har behov for eit breitt spekter av tenester frå både spesialist- og kommunehelsetenesta etter døgnopphaldet. I denne utvida analysen ser vi nærare på forløpet for dei større gruppene av innlagde pasientar i psykisk helsevern; personar som er innlagde for psykoselidingar og personar innlagde for depresjon. Forløpet til pasientane etter utskrivning omfattar ei rekke tenester i primær- og spesialisthelsetenesta. Fokus er på dei første 72 timane, dei første 7 dagane og dei første 30 dagane etter utskrivning. Desse tidsromma representerer kritiske fasar der risikoen for tilbakefall, manglande oppfølging og behov for samanhengande tenester er særleg høg. I den første fasen etter utskrivning er oppfølgingssamtale innan 72 timar viktig for personar med sjølvordstankar eller -åtferd. Denne pasientgruppa er generelt meir sårbar enn andre i psykisk helsevern den første veka etter utskrivning.

Populasjonen er pasientar som har vore utskrivne i 2020-2023. Dei følgjande tabellane viser prosentdel som får:

- konsultasjon i primær- eller spesialisthelsetenesta innan 72 timar etter utskrivning.
- oppfølging i poliklinikk, hos fastlege og legevakt i løpet av dei første 7 dagane etter utskrivning
- oppfølging i poliklinikk, hos fastlege og legevakt i løpet av dei første 30 dagane etter utskrivning

Vidare viser tabellen andelen som vert reinnlagde innan høvesvis 7, 14 og 30 dagar etter utskrivning. Detaljar om type tenester som vert nytta, reinnleggingar og liknande er vist i [nettversjonen av atlaset](#).

Opptaksområde	Antall Utskrivingar	Konsultasjon 72t (%)*	Poliklinikk (%)*		Fastlege 7d (%)		Legevakt 7d (%)*	Reinnleggelse (%)		
			7d	30d	Kontakt	Konsultasjon		7d	14d	30d
Finnmark	443	22	22	49	29	19	4	2	3	5
Helgeland	264	38	56	72	22	14	5	6	9	14
Nordland	781	22	25	49	36	27	3	1	3	8
UNN	866	31	40	61	32	20	6	4	7	10
Helse Nord	2 354	27	33	56	32	21	5	3	5	9
Møre og Romsdal	995	36	43	67	33	21	8	6	8	12
Nord-Trøndelag	325	29	48	75	31	18	4	5	7	11
St. Olav	1 166	34	46	71	35	24	4	4	7	10
Helse Midt	2 486	34	45	70	33	22	5	5	7	11
Bergen	1 626	39	54	75	25	17	7	3	6	8
Fonna	553	31	47	73	29	17	5	8	12	20
Førde	313	19	32	62	29	19	4	3	4	7
Stavanger	1 741	34	35	59	42	30	9	5	8	14
Helse Vest	4 233	34	44	67	33	22	7	5	7	12
Akershus	1 673	32	41	64	32	24	3	4	7	10
Diakonhjemmet	224	36	51	69	21	14	3	3	5	8
Innlandet	1 471	33	41	66	40	27	5	4	6	9
Lovisenberg	588	37	56	74	31	21	2	4	6	10
Østfold	992	28	33	56	31	21	3	3	5	7
OUS	698	30	42	68	27	19	1	2	3	4
Sørlandet	945	34	36	58	37	24	6	5	8	11
Telemark	444	27	34	55	31	17	5	3	7	9
Vestfold	616	55	56	73	41	28	9	7	11	16
Vestre Viken	1 454	33	47	69	35	24	4	2	5	9
Helse Sør-Øst	9 105	34	43	65	34	23	4	4	6	9
Noreg	18 178	33	42	65	33	23	5	4	6	10

* Både primær eller spesialhelsetjenester
 +Kontakt: Alle typer kontakt (med P-diagnose kode i fastlege eller legevakt)
 t: Timer, d: Dagar
 Konsultasjon: Beregne kontakt videre med takstkode

Figur 6. Forløp etter utskriving for pasientar med depresjon

På landsbasis mottok ein tredjedel av dei som har vore innlagde for depresjon oppfølging innan 72 timar. Dei fleste regionane er i nærleiken av dette, men tala er klart lågare i Helse Nord. Det er store variasjonar mellom helseføretaka i oppfølginga, der rundt 20 prosent i Førde, Nordland og Finnmark har ein oppfølgande konsultasjon dei første 72 timane, medan i Vestfold mottok 55 prosent av pasientane ein slik konsultasjon i primær- eller spesialisthelsetenesta. For mange av helseføretaka er prosentdelen på rundt 30.

Den første veka etter utskriving står poliklinikk og fastlege for oppfølging av mange av pasientane. På landsbasis får 42 prosent poliklinisk behandling. Det er store forskjellar mellom helseføretaka. Medan 22 prosent i Finnmark er i poliklinisk oppfølging i løpet av den første veka, får heile 56 prosent i Helgeland, Lovisenberg og Vestfold i ei slik oppfølging i løpet av den same tida. Dei andre opptaksområda fordeler seg mellom desse ytterpunkta. Ser vi på oppfølginga innan 30 dagar, varierer denne frå 49 til 75 prosent. Nordland og Finnmark ligg lågast, medan Bergen ligg høgast. Mange av opptaksområda er på rundt 70 prosent etter 30 dagar.

Ein tredjedel er i kontakt med fastlege i løpet av den første veka etter utskriving. Medan prosentdelen er relativt lik på tvers av regionane, er variasjonen betydeleg mellom opptaksområda. Lågast andel fastlegekontakt har Helgeland og Diakonhjemmet, med rundt 22 prosent, medan Vestfold, Innlandet og Stavanger har høgast, med over 40 prosent. Når det gjeld konsultasjonar hos fastlege, er òg opptaksområde Helgeland og Diakonhjemmet lågast, med 14 prosent. Fleire andre helseføretak har òg låge andelar på under 20 prosent. Høgst andel konsultasjonar er det i opptaksområda Stavanger og Innlandet, som for kontaktar, men Nordland og Vestfold er òg høgt på konsultasjonar, med nær 30 prosent som får konsultasjonar i løpet av den første veka. Berre 5 prosent av pasientane med depresjon er i kontakt med legevakt i løpet av denne perioden, med noko variasjon mellom opptaksområda.

Forholdsvist få pasientar vert reinnlagde den første veka etter utskriving, men etter 30 dagar er talet meir betydeleg. På landsbasis vert 10 prosent reinnlagde i løpet av ein månad etter utskriving. Variasjonane er nokså store mellom helseføretaka, og varierer frå 5 prosent i Finnmark til 20 prosent med ny innlegging i Fonna.

Opptaksområde	Antall Utskrivingar	Konsultasjon 72t (%)*	Poliklinikk (%)*		Fastlege 7d (%)		Legevakt 7d (%)*	Reinnleggelse (%)		
			7d	30d	Kontakt	Konsultasjon		7d	14d	30d
Finnmark	753	23	16	38	33	14	13	7	11	18
Helgeland	628	24	39	64	26	9	6	5	10	17
Nordland	962	32	40	74	32	14	13	9	15	25
UNN	2 662	28	35	62	31	11	7	9	18	27
Helse Nord	5 005	27	34	61	31	12	9	8	15	24
Møre og Romsdal	1 687	41	47	69	36	16	13	12	18	29
Nord-Trendelag	871	25	37	70	26	8	8	11	17	24
St. Olav	2 299	31	45	73	30	12	7	6	9	17
Helse Midt	4 857	34	44	71	32	13	9	9	14	22
Bergen	3 289	42	62	87	16	6	8	7	11	17
Fonna	1 550	39	58	81	16	6	6	11	19	32
Førde	638	28	35	65	29	13	7	11	16	22
Stavanger	3 316	34	49	72	27	12	8	12	19	29
Helse Vest	8 793	37	55	79	21	9	7	10	16	25
Akershus	3 099	37	56	82	25	11	9	6	12	20
Diakonhjemmet	589	43	66	87	15	5	6	6	9	13
Innlandet	1 675	37	50	73	39	17	8	8	14	21
Lovisenberg	1 487	52	76	91	15	6	5	6	11	20
Østfold	1 842	31	38	63	26	10	9	8	12	19
OUS	1 740	40	66	87	18	8	4	3	7	11
Sørlandet	2 705	49	67	87	23	9	12	10	17	26
Telemark	1 590	33	46	71	25	8	9	11	18	26
Vestfold	1 369	44	61	79	29	11	7	6	10	17
Vestre Viken	2 812	40	56	75	26	10	10	9	14	23
Helse Sør-Øst	18 908	40	58	79	25	10	8	7	13	20
Noreg	37 563	37	52	76	26	10	8	8	14	22

* Både primær eller spesialhelsetjenester
 +Kontakt: Alle typer kontakt (med P-diagnose kode i fastlege eller legevakt)
 t: Timer, d: Dagar
 Konsultasjon: Beregne kontakt vidare med takstkode

Figur 7. Forløp etter utskriving for pasientar med psykose

For personar innlagde med psykose mottek 37 prosent oppfølging i form av konsultasjon i primær- eller spesialisthelsetenesta etter 72 timar. Variasjonen er nokså stor mellom helseføretaka, frå 23 prosent i Finnmark til 52 prosent i Lovisenberg. Det er òg forskjellar mellom regionane, frå 27 prosent i Helse Nord til 40 prosent i Helse Sør-Øst. Den vidare oppfølginga innan ei veke hos fastlege, legevakt eller i poliklinikk er viktig fordi symptom kan endre seg raskt, og av omsyn til informasjon og ansvar for oppfølging. Andelen som er i kontakt med fastlege for psykoseliding i løpet av den første veka er 26 prosent for kontaktar og 10 prosent for konsultasjonar. Kontaktar varierer frå 15 prosent i Lovisenberg til 39 prosent i Innlandet. Konsultasjon uttrykker behandling meir spesifikt enn kontakt og opptaksområde Innlandet har høgast andel konsultasjonar med fastlege med 17 prosent, medan Diakonhjemmet har lågast med 5 prosent.

Ser vi nærare på oppfølging i poliklinikk er andelen på landsbasis på 52 prosent, men med store variasjonar. Oppfølginga den første veka varierer frå 16 prosent i Finnmark til 76 prosent i Lovisenberg. Oppfølginga innan 30 dagar varierer frå 38 prosent til 91 prosent, og det er dei to same opptaksområda som har lågaste og høgaste andel også i dette tidsrommet. Lovisenberg har låg andel oppfølging hos fastlege og høg i poliklinikk, men denne samanhengen verkar ikkje å vere sterk for mange av opptaksområda. Opptaksområda i Helse Nord har langt lågare prosentdel i poliklinikk. Samtidig er andelen oppfølging hos fastlege ikkje særleg høgare.

Ein mindre del av pasientane har kontakt med legevakt i løpet av den første veka, med rundt 8 prosent på landsbasis. Det er imidlertid ein del variasjon i denne, frå 4 til 13 prosent.


Når det gjeld reinleggingar, er prosentdelen relativt høg, og betydeleg høgare enn for depresjon. På landsbasis vert 22 prosent vert reinnlagde i løpet av første månaden etter utskriving. Andelen varierer frå 11 prosent i OUS til 32 prosent i Fonna. Sistnemnde har òg høgast andel reinlegging for depresjon.

Oppsummert ser vi store geografiske forskjellar på ei rekke indikatorar for oppfølging, og ved antatt lik førekomst skal variasjonen tilseie underoppfølging i enkelte opptaksområde. Til ein viss grad kan enkelte indikatorar forklarast av forskjellar i organisering, men dei store forskjellane i oppfølging i spesielt prosentdel i poliklinikk tyder på at innlagde ikkje mottok lik oppfølging uavhengig av kvar dei bur. Spesielt for psykoselidingar er forskjellane mellom regionane store. Helse Nord har 18 prosentpoeng lågare oppfølging etter 30 dagar samanlikna med Helse Sør-Øst, og dei enkelte opptaksområda har alle lågare andelar enn nesten alle opptaksområda i Helse Sør-Øst.

4.2. Diagnosespesifikk bruk av psykisk helsevern

4.2.1. Angstlidingar

Angstlidingar er ei av dei større diagnosegruppene innan psykisk helsevern. Det er flest personar med angstlidingar i aldersgruppene 18–24 år og 25–34 år, og kvinner er i klart fleirtal i alle aldersgrupper. Talet på pasientar fell gradvis med aukande alder frå 25-34 år. Dette samsvarer med etablerte epidemiologiske funn der angstlidingar er vanlegast i ung vaksen alder og meir utbreidde blant kvinner enn menn (Remes et al., 2016).




Figur 8. Gjennomsnittleg tal pasientar med angst- og stressrelaterte lidingar per år i perioden 2020-2024.

Poliklinisk behandling for angst

Kvart år hadde i gjennomsnitt 24 600 personar til saman 234 000 kontaktdagar for angstlidningar. I løpet av femårsperioden ser vi ein stor reduksjon i tal personar som mottek behandling (Vedlegg 5). Nedgangen var størst for opptaksområda i midtre og nedre del av ratane, noko som tyder på at den geografiske variasjonen har auka noko over tid. Det er middels geografisk variasjon i pasientraten mellom opptaksområda, med ein systematisk variasjonskomponent (SCV) på 5,1. Lovisenberg og Bergen har rundt dobbelt så høge pasientratar som UNN og Stavanger. Det er òg noko forskjell mellom dei regionale helseføretaka, og med unntak av Finnmark er alle opptaksområda med høge ratar i Helse Vest og i Helse Sør-Øst.

Kvar pasient hadde i gjennomsnitt 9,5 kontaktdagar i løpet av eitt år. Lovisenberg og OUS skil seg ut med høgare rate for kontaktdagar enn dei andre opptaksområda, og nesten alle områda som ligg over landsraten ligg i opptaksområda til Helse Sør-Øst. Tal kontaktdagar per pasient varierer frå 7 til 11 dagar, noko som ligg innanfor normalvariasjonen samanlikna med andre tilstandar. Det er ein klar tendens til at opptaksområda som har høg kontaktrate også har mange kontaktdagar per pasient, noko som indikerer at høg pasient intensitet bidreg til å trekke opp raten. UNN og Stavanger skil seg noko frå dette mønsteret, sjølv om dei har relativt høge tal kontaktdagar per pasient, ligg dei berre på moderate nivå når det gjeld samla kontaktdagsrate.


Avtalespesialistar står for ein stor del av behandlinga for angstlidingar, med rundt 40 prosent, og prosentdelen er klart større i områda som òg har dei høgaste samla kontaktdagstratane. Variasjonen er altså liten for pasientar behandla i helseføretaka- det er bruken av avtalspesialistar som varierer mykje. Samla er variasjonen dermed stor, med ein SCV på 7,2.



Figur 9. Tal pasientar (øverst) og tal kontaktdagar (nederst) i poliklinisk behandling for angst. Tala er per 10 000 innbyggjarar i alderen 18-64 år.

4.2.2. Obsessiv-kompulsiv lidning (OCD)

Pasientar med obsessiv-kompulsiv lidning (OCD) er ei mindre pasientgruppe innanfor angst- og stressrelaterte lidningar. Dei fleste er i aldersgruppene 18-24 og 25-34 år, og i desse aldersgruppene mottek fleire kvinner enn menn behandling. Tal personar som mottek behandling er lågare i dei eldre aldersgruppene, og kjønnsforskjellane mindre.



Kjelde: NPR

Figur 10. Gjennomsnittleg tal pasientar med OCD per år i perioden 2020-2024.

Poliklinisk behandling for Obsessiv-kompulsiv lidning (OCD)


Obsessiv-kompulsiv lidning (tvangsliding, OCD) utgjorde ei relativt lita gruppe personar innanfor angst- og stressrelaterte lidingar. I perioden 2020-2024 hadde i gjennomsnitt 3800 personar 39 500 kontaktdagar årleg i poliklinisk behandling. På landsbasis endra pasientraten seg lite i løpet av femårsperioden, men nokre av opptaksområda hadde markante endringar (Vedlegg 5). Diakonhjemmet, Bergen og Helgeland hadde ein tydeleg reduksjon i raten.

Den geografiske variasjonen i pasientraten var middels, med SCV på 5,4. Opptaksområda i Oslo-området, og Bergen, hadde rundt dobbelt så høg pasientrate som Helgeland, som hadde lågast. Det er ein tendens mot at opptaksområda i Helse Vest og Helse Sør-Øst har høgare rate for pasientar samanlikna med dei to nordlegare regionane, eit trekk vi òg ser for andre angstlidningar.

Kvar pasient hadde i gjennomsnitt 10,3 kontaktdagar i året. Med SCV på 8,1 var den geografiske variasjonen i kontaktdagsraten for OCD stor, der Lovisenberg og OUS hadde rundt tre gonger så høg kontaktdagsrate som Helgeland og Møre og Romsdal. I desse opptaksområda kjem ein stor del av kontaktdagane frå avtalespesialistar, noko som er typisk for Oslo-området. I dei fleste andre opptaksområde er kontaktdagane i hovudsak knytte til offentleg psykisk helsevern. Helgeland, Møre og Romsdal og Østfold har dei lågaste ratane totalt sett. Mønsteret viser at både tilgang på og organisering av behandling varierer betydeleg mellom regionane, med særleg høg kapasitet og breitt behandlingstilbod i Oslo-området.

På nasjonalt nivå var det ein liten reduksjon i raten i løpet av femårsperioden, men utviklinga var ulik mellom opptaksområda (Vedlegg 5). Variasjonen i kontaktdagsraten er


større enn variasjonen i pasientraten for OCD. Dette tyder på at oppfølginga pasientane får skil seg meir mellom opptaksområda enn sjølve talet på pasientar. Dette er òg reflektert i forskjellane i tal kontaktdagar per pasient.



Figur 11. Tal pasientar (øverst) og tal kontaktdagar (nederst) i poliklinisk behandling for OCD. Tala er per 10 000 innbyggjarar i alderen 18-64 år.

4.2.3. Post-traumatisk stresslidning (PTSD)

Post-traumatisk stresslidning (PTSD) er ei stor gruppe pasientar innan angst- og stressrelaterte lidingar. Flest kvinner mottek behandling i alle aldersgrupper, og tal pasientar er jamnare fordelt etter alder enn for andre angst- og stressrelaterte lidingar.



Kjelde: NPR


HELSE FØRDE

Figur 12. Gjennomsnittleg tal pasientar med PTSD per år i perioden 2020-2024.

Poliklinisk behandling for Post-traumatisk stresslidning (PTSD)

I perioden 2020-2024 hadde i gjennomsnitt 17 000 personar rundt 235 000 kontaktdagar i poliklinisk behandling for posttraumatisk stressyndrom (PTSD). Dette gjer pasientgruppa til ei av dei større innanfor psykisk helsevern. Det er ein markant auke i pasientraten i løpet av femårsperioden, og denne utviklinga var tydeleg for dei fleste opptaksområda (Vedlegg 5).


Den geografiske variasjonen mellom opptaksområda er middels (SCV 4,3). Finnmark skil seg ut med betydeleg høgare pasientrate enn resten av landet, om lag dobbelt så høg rate som Stavanger, som ligg lågast. For dei fleste opptaksområda ligg raten nær landsnivået.

Kvart år hadde i gjennomsnitt 17 000 personar rundt 235 000 kontaktdagar i poliklinikk for posttraumatisk stresslidning (PTSD). Dette tilsvarar om lag 13,7 kontaktdagar per pasient per år. Kontaktdagsraten auka markant gjennom femårsperioden, noko som skil seg frå utviklinga for andre angst- og stressrelaterte lidningar, der auken har vore meir moderat (Vedlegg 5). Den geografiske variasjonen i kontaktdagsraten var middels, med SCV på 4,4.

Variasjonen i tal kontaktdagar per pasient var forholdsvis liten samanlikna med andre angst- og stressrelaterte lidningar, med ein største forskjell frå 15 dagar i UNN til 11 dagar i Nord-Trøndelag. Det er såleis ein nokså nær samanheng mellom pasientrate og kontaktrate for PTSD.

I Oslo-området (Diakonhjemmet, Lovisenberg og OUS) og i Bergen utgjer avtale-spesialistar ein vesentleg del av behandlinga, medan desse spelar ei langt mindre rolle i Finnmark, Helgeland og St. Olav, der dei fleste kontaktdagane kjem frå offentleg psykisk

helsevern. Prosentdelen som vert behandla for PTSD hos avtalespesialistar er jamnare fordelt geografisk enn for øvrige angstlidingar.




Figur 13. Tal pasientar (øverst) og tal kontaktdagar (nederst) i poliklinisk behandling for PTSD. Tala er per 10 000 innbyggjarar i alderen 18-64 år.

4.2.4. Depresjonslidingar

Depresjonslidingar er blant dei mest utbreidde psykiske lidingane hos vaksne, og ein betydeleg del av pasientane får poliklinisk behandling i psykisk helsevern. Figuren viser kor mange pasientar som årleg fekk behandling for depresjon, fordelt på kjønn og aldersgrupper i perioden 2020–2024.

Det er flest pasientar i alderen 25–34 år, og kvinner er i tydeleg fleirtal i alle aldersgrupper. Talet på pasientar aukar frå 18–24 år til 25–34 år og går gradvis ned med aukande alder. Mønsteret samsvarar med kjende funn om at depresjon er mest utbreidd blant yngre vaksne og meir vanleg hos kvinner enn hos menn (Folkehelseinstituttet, 2024).



Kjelde: NPR

Figur 14. Gjennomsnittleg tal pasientar med depresjon per år i perioden 2020-2024.

Poliklinisk behandling for depresjon


Rundt 36 000 personar hadde årleg 380 000 kontaktdagar i poliklinisk behandling for depresjon. Dette tilsvarar over 1 prosent av den vaksne befolkninga, og gjer depresjon til den største diagnosegruppa i psykisk helsevern. Etter pandemien ser vi ein tydeleg nedgang i pasientrate, både nasjonalt og i alle opptaksområda (Vedlegg 5). Nedgangen har vore størst dei siste par åra. Moglege forklaringar kan vere lågare behov, eller endra tilbod og prioriteringar, men òg framvekst av heilprivate aktørar som tilbyr helsetenester innan psykisk helse.

Med SCV på 7,2 er den geografiske variasjonen i pasientraten stor. I Lovisenberg og Finnmark opptaksområde mottok nær tre gonger så mange personar behandling som på Sørlandet, som har lågast rate. Dei øvrige opptaksområda i Oslo-området samt Bergen har òg høge ratar, men skil seg ikkje så tydeleg frå landsraten. Sjølv om variasjonen mellom opptaksområda er stor, kan vi ikkje utelukka at forskjellane heng saman med ulikt behov.

I løpet av femårsperioden var det ein klar nedgang i rate for kontaktdagar, og nedgangen var jamn for kvart av åra (Vedlegg 5). Etersom nedgangen følgjer endringa i pasientraten, skuldast nedgangen at færre pasientar fekk behandling for depresjon, og ikkje at kvar enkelt pasient fekk mindre oppfølging. Kvar pasient hadde i gjennomsnitt 10,7 kontaktdagar, og tal kontaktdagar per pasient varierte frå 8,5 til 11,5 mellom opptaksområda. Samanlikna med andre lidingar, er dette forholdsvis små forskjellar i oppfølging.

SCV på 8,7 uttrykker stor geografisk variasjon i rate for kontaktdagar. Lovisenberg skil seg tydeleg ut med ein langt høgare rate for kontaktdagar enn øvrige opptaksområde, men og for dei øvrige opptaksområda er variasjonen stor. Vi kan likevel ikkje utelate moglegheita for at forskjellane skuldast forskjellar i behov for behandling, og at forskjellane i ratane

såleis kan være uttrykk for ønska variasjon. Det kjem mellom anna av at tilbodet er ulikt organisert, til dømes ved at FACT-team er meir omfattande og bidreg til høgare bruk av poliklinisk behandling i enkelte opptaksområde enn i andre.




Figur 15. Tal pasientar (øverst) og tal kontaktdagar (nederst) i poliklinisk behandling for depresjon. Tala er per 10 000 innbyggjarar i alderen 18-64 år.

Fordeling av alvorgrad for kontaktdagar ved depresjon

Figuren under viser korleis kontaktdagane for depresjon fordeler seg etter alvorgrad (mild, moderat, alvorleg, vedvarande, uspesifisert) i ulike opptaksområde. Stolpane viser både total mengd kontaktdagar og prosentdelen innan kvar alvorgradkategori. Totalt har Lovisenberg har høgast mengd kontaktdagar, medan dei fleste andre område ligg nær landsnivået.

Det er store geografiske forskjellar i kor mange kontaktdagar som blir brukt i behandling av depresjon, men fordelinga av alvorgrad er relativt lik på tvers av opptaksområda. Figuren viser at moderate depresjonar står for størsteparten av kontaktdagane i alle opptaksområde. Dette understrekar at depresjon er ei av dei mest belastande og ressurskrevjande lidningane i psykisk helsevern, og kapasitet i poliklinikk må vere dimensjonert for eit stort volum av pasientar med moderate lidingar, ikkje berre dei

aller mest alvorlege. Mild og alvorleg depresjon varierer noko mellom opptaksområda. Uspesifiserte diagnoser utgjør ein mindre og varierende del av kontaktdagane.




Figur 16. Fordeling av alvorgrad (mild, moderat, alvorleg, vedvarande og uspesifisert) for kontaktdagar knytte til depresjon, basert på gjennomsnittleg justert kontaktdagsrate per 10 000 innbyggjarar i perioden 2020–2024.


Døgnbehandling for depresjon

Kvart år var 3500 personar innlagde i døgnbehandling for depresjon. Det svarer til ein rate på 10 per 10 000 innbyggjarar på landsbasis. Pasientraten gjekk noko ned i løpet av femårsperioden på landsbasis, men for kvart av opptaksområda endra pasientratane seg ulikt (Vedlegg 5).

Variasjonen mellom opptaksområda var middels. Finnmark og Nordland hadde nær fire gonger så høg rate for innlagde pasientar som Diakonhjemmet, som hadde lågast. Mange av opptaksområda hadde pasientratar i nærleiken av landsraten. Det var regionale forskjellar i pasientraten, ved at alle helseføretaka i Helse Nord hadde ratar over landsraten, medan dei øvrige regionane hadde større variasjon.



Figur 17. Tal pasientar (øverst), tal kontaktdagar (midten) og tal liggedøgn (nederst) i døgnoophald for depresjon. Tala er per 10 000 innbyggjarar i alderen 18-64 år.




Figur 18: Liggetid ved døgnopphald for depresjon

4.2.5. Bipolare lidingar

Bipolare lidingar er kroniske stemningslidingar som krev langvarig oppfølging, og mange pasientar mottok poliklinisk behandling i vaksenpsykiatrien. Figuren viser kor mange pasientar som årleg fekk behandling for bipolare lidingar, fordelt på kjønn og aldersgrupper i perioden 2020–2024.

Flest pasientar med bipolare lidingar er i aldersgruppa 25–34 år, etterfølgt av gruppa 35–44 år. Talet på pasientar minkar gradvis etter fylte 45 år. I alle aldersgrupper er kvinner i fleirtal, men skilnaden mellom kvinner og menn er mindre enn for til dømes depresjon og angst. Mønsteret samsvarar med det ein kjenner frå tidlegare forskning. Bipolare lidingar debuterer ofte i ung vaksen alder, og begge kjønn er relativt jamt representerte, men med noko overvekt av kvinner i behandling (Singh et al., 2025).



Kjelde: NPR


Figur 19. Gjennomsnittleg tal pasientar med bipolare lidningar per år i perioden 2020-2024.

Poliklinisk behandling for bipolare lidningar

I perioden 2020-2024 hadde i gjennomsnitt 7900 personar 102 000 samla kontaktdagar i poliklinisk behandling for bipolare lidningar. Det er såleis ei av dei mindre gruppene innan psykisk helsevern for vaksne. Til liks med depresjon var det ein jamn reduksjon i pasientraten frå pandemien og fram til 2024, og reduksjonen var systematisk for alle opptaksområda (Vedlegg 5).

Variasjonen i pasientraten var middels, med ein systematisk variasjonskomponent (SCV) på 3,4. Lovisenberg skil seg ut med høgare pasientrate enn øvrige opptaksområde, men forskjellane er ikkje like tydelege som for depresjon. Kvar person hadde i gjennomsnitt 13 kontaktdagar i poliklinisk behandling for bipolare lidningar. Tal kontaktdagar per pasient varierte frå 10 til 15,8, som ikkje er særleg høg variasjon samanlikna med andre psykiske lidningar. Raten for kontaktdagar gjekk noko ned i perioden, men reduksjonen har store likskapstrekk med reduksjon i pasientrate (Vedlegg 5). Det tyder på at oppfølginga per pasient endra seg lite, men at pasientgruppa vart mindre.

Med ein SCV på 7,7 er variasjon i rate for kontaktdagar stor. Lovisenberg skil seg ut med rundt dobbelt så høg rate som på landsraten, og Diakonhjemmet skil seg òg ein del frå øvrige opptaksområde. Forskjellar i behandling kan henge saman med høgare behov, og det kan difor ikkje utelukkast at variasjonen er ønska. Mellom anna kan forskjellar i organisering mellom helseføretaka, som behandling ved FACT-team forklare høgare bruk av poliklinisk behandling.




Figur 20. Tal pasientar (øverst) og tal kontaktdagar (nederst) i poliklinisk behandling for bipolare lidningar. Tala er per 10 000 innbyggjarar i alderen 18-64 år.

Fordeling av alvorgrad for kontaktdagar ved bipolare lidingar

Figuren under viser korleis kontaktdagane for bipolare lidingar fordelar seg etter alvorgrad (mild, moderat, alvorleg, uspesifisert) for kvart opptaksområde. Stolpane viser både total mengde kontaktdagar og prosentdelen av kvar alvorgrad kategori.

Det er store forskjellar i kor mange kontaktdagar pasientar med bipolare lidingar har i dei ulike opptaksområda. Lovisenberg og Diakonhjemmet har klart høgast aktivitet. Moderat bipolar lidning utgjer den største delen av kontaktdagane i alle område, medan mild og alvorleg grad varierer meir. Delen uspesifiserte diagnosar er høg i fleire område, noko som kan tyde på ulik diagnostisk praksis og forskjellar i kompleksiteten i pasientgruppene.




Figur 21. Fordeling av alvorsgrad for kontaktdagar ved bipolare lidningar.

4.2.6. Psykoselidingar

Personar med psykoselidingar mottek både poliklinisk behandling og døgnbehandling. Dei fleste pasientane er i aldersgruppene frå 25 til 54 år, og i den yngre delen av desse aldersgruppene mottek langt fleire menn enn kvinner behandling.

Tal pasientar



Kjelde: NPR

Figur 22. Gjennomsnittleg tal pasientar med psykoselidingar per år i perioden 2020-2024.

Poliklinisk behandling for psykoselidingar


Kvart år fekk 10 300 personar poliklinisk behandling for psykoselidingar, og desse hadde i gjennomsnitt 239 000 kontaktdagar årleg. Tal kontaktdagar per pasient er 23,2, som er blant dei høgaste innan psykisk helsevern. Pasientraten heldt seg svært stabil i løpet av perioden 2020-2024, både på landsbasis og for dei aller fleste opptaksområda (Vedlegg 5). Nordland og Telemark var dei einaste opptaksområda med større endringar i pasientraten, der raten auka.

Den geografiske variasjonen i pasientraten var middels, med unntak for Lovisenberg som skil seg ut med ein langt høgare rate enn dei øvrige opptaksområda. Dei øvrige to opptaksområda i Oslo-området har òg høge ratar. Rate for kontaktdagar var stabil i løpet av femårsperioden, både på landsbasis og for dei aller fleste opptaksområda (Vedlegg 5). Lovisenberg, Vestfold, Vestre Viken, Innlandet og Finnmark var opptaksområda med større endringar i raten.

Det var særst stor variasjon i rate for kontaktdagar for psykoselidingar, med SCV på 14,6. Variasjonen for psykoselidingar var såleis den største blant dei psykiske lidningane. Medan Lovisenberg har nær 2000 kontaktdagar per 10 000 innbyggjarar, er det tilsvarande talet for Finnmark på 278. Dei fleste opptaksområda hadde mellom 500 og 1000 kontaktdagar per 10 000 innbyggjarar.

Forskjellane i tal kontaktdagar per pasient var store. I Lovisenberg er kvar pasient i poliklinisk behandling i gjennomsnitt 32,1 dagar i løpet av eit år, medan det tilsvarande talet i Finnmark, der det er lågast, er på 11,2. Dei store forskjellane i oppfølging kvar pasient mottok, forklarar det meste av variasjonen i rate for kontaktdagar. Høgare bruk

kan mellom anna henge saman med ulikt behov og organisering. Lovisenberg opptaksområde har godt utbygde FACT-team som vil påverke aktivitetsratane for poliklinikk. Ettersom forskjellane kan stamme frå forskjellar i behov eller organisering, kan vi ikkje slå fast at variasjonen er uønskt.




Figur 23. Tal pasientar (øverst) og tal kontaktdagar (nederst) i poliklinisk behandling for psykoselidingar. Tala er per 10 000 innbyggjarar i alderen 18-64 år.


Døgnbehandling for psykoselidingar

I perioden 2020-2024 hadde i gjennomsnitt 5400 personar døgnbehandling for psykoselidingar. Rate for innlagde pasientar er såleis rundt halvparten så stor som raten for pasientar i poliklinikk, for psykoselidingar. Det var lita endring i pasientraten i løpet av femårsperioden, både på landsbasis og for dei fleste opptaksområda. Nordland hadde imidlertid ein stor auke i pasientraten.

Variasjonen i pasientratane var middels og Lovisenberg hadde høgast rate, men Telemark, UNN og Stavanger hadde òg høge ratar. Pasientratane var mellom 1,3 og 2,2 per 10 000 innbyggjarar i den vaksne befolkninga. Sjølv om Lovisenberg har langt høgare bruk av poliklinikk, skil dei seg ikkje særleg frå andre i rate for pasientar i døgnbehandling.



Figur 24. Tal pasientar (øverst), tal kontaktdagar (midten) og tal liggedøgn (nederst) for døgno behandling av psykoselidingar.




Figur 25. Liggetid ved døgnopphald for psykoselidingar

4.2.7. Personlegdomsforstyrningar

Personlegdomsforstyrningar er langvarige og funksjonspåverkande tilstandar som ofte krev langvarig og samanhengande behandling. Figuren under viser kor mange pasientar som årleg får poliklinisk behandling for personlegdomsforstyrring, fordelt på kjønn og aldersgrupper i perioden 2020–2024.

Det er flest pasientar i alderen 18–34 år, med særleg høge tal for kvinner i gruppa 25–34 år. I alle aldersgrupper er kvinner klart i fleirtal, noko som reflekterer kjende mønster i diagnose og behandlingssøking. Talet på pasientar fell markant med aukande alder, og er lågast i gruppa 55–64 år. Mønsteret tyder på at personlegdomsforstyrningar i stor grad blir identifisert og behandla i tidleg vaksen alder, medan færre godt vaksne er i behandling.



Kjelde: NPR


Figur 26. Gjennomsnittleg tal pasientar med personlegdomsforstyrningar per år i år i perioden 2020-2024.

Poliklinisk behandling for personlegdomsforstyrring

I perioden 2020-2024 fekk 9200 personar behandling i poliklinikk for personlegdomsforstyrningar, med til saman 147 000 kontaktdagar årleg. I løpet av femårsperioden var raten relativt stabil på landsbasis (Vedlegg 5). Det betyr at kvar person i gjennomsnitt hadde 16 kontaktdagar i poliklinisk behandling.

Variasjonen i pasientraten var stor mellom opptaksområda, med SCV på 7,6. Lovisenberg, som har høgast rate på 43,2 personar per 10 000 innbyggjarar, har rundt tre gonger så høg rate som Førde, som har lågast. Det er tendens til regionale forskjellar i pasientraten for personlegdomsforstyrningar. Som vert tydeleg av kartvisinga, er ratane høgare i Helse Midt og Helse Sør-Øst enn i Helse Nord og Helse Vest. Med antaking om lik førekomst verkar variasjonen for stor til å kunne forklarast av forskjellar i behov.


Det var ein klar auke i rate for kontaktdagar i løpet av femårsperioden (Vedlegg 5). Variasjonen i rate for kontaktdagar var stor, med SCV på 8,9. Lovisenberg skil seg ut med langt høgare kontaktdagsrate enn øvrige opptaksområde, og har med 802 kontaktdagar per 10 000 innbyggjarar rundt fire gonger så høg rate som Førde, som har færrest. Til liks med pasientraten er det òg tendens mot regionale forskjellar i kontaktdagsraten, der Helse Midt og Helse Sør-Øst har høgare ratar enn dei to øvrige regionale helseføretaka. Opptaksområda som har høge kontaktdagsratar har òg høgt tal kontaktdagar per pasient, med unntak av i Helgeland, som har under landsgjennomsnittet. Vestfold har ein kontaktdagsrate nær landsraten, men har høgast tal kontaktdagar per pasient, som viser hyppigare oppfølging for ei mindre pasientgruppe, samanlikna med andre opptaksområde.



Figur 27. Tal pasientar (øverst) og tal kontakt dagar (nederst) i poliklinisk behandling for personlegdomsforstyrningar. Tala er per 10 000 innbyggjarar i alderen 18-64 år.

4.2.8. Attention Deficit/Hyperactivity Disorder (ADHD)

Personar med ADHD er ei av dei større pasientgruppene i psykisk helsevern. I gjennomsnitt mottok rundt 20 300 personar poliklinisk behandling kvart år. Dei fleste som er i behandling er i aldersgruppene under 35 år, så fell andelen med høgare alder. Berre eit mindre tal personar over 55 år mottok poliklinisk behandling. Kjønnsskjellane er tydelege i aldersgruppene under 35 år, der fleire kvinner enn menn mottok behandling. Helseatlas for Psykisk helsevern for barn og unge visar at fleire gutar enn jenter vert diagnostisert og behandla for ADHD tidleg, i barne- og ungdomsåra.



Figur 28. Gjennomsnittleg tal pasientar med ADHD per år i perioden 2020-2024.


Poliklinisk behandling for ADHD

I perioden 2020-2024 var i gjennomsnitt 20 300 personar i poliklinisk behandling for ADHD, og hadde 153 000 kontaktdagar i poliklinikk årleg. Talet kontaktdagar per pasient var på 7,5 i gjennomsnitt kvart år. ADHD skil seg frå andre psykiske lidingar ved ein stor auke i pasientrate over femårsperioden, med over 50 prosent auke på landsbasis (Vedlegg 5). Auken er gjennomgåande stor for alle opptaksområde, men enkelte har hatt ein reduksjon frå 2023 til 2024.

Med systematisk variasjonskomponent (SCV) på 9,1 var variasjonen i pasientraten stor mellom opptaksområda. Finnmark, med ein rate på 108 personar per 10 000 innbyggjarar, hadde rundt tre gonger så høg rate som Diakonhjemmet, som hadde ein rate på 39. Forskjellane er òg store innanfor kvart regionale helseføretak, spesielt tydeleg i Helse Nord og – Midt. Det fortel ikkje noko om systematikk mellom regionane, men tydeleggjer geografiske forskjellar for ein tilstand med førekomst som i avgrensa grad varierer geografisk. Enkelte nyare norske studium, rett nok for barn og unge, fortel at berre noko av den observerte geografiske variasjonen er forklart av forskjellar i symptom (Widding-Havneraas et al., 2023). Helseatlas for barn og unge viser liknande geografiske forskjellar, med låge ratar i Oslo-området og liknande forskjellar mellom helseføretaka i Helse Sør-øst og Helse Vest.

I løpet av femårsperioden har rate for kontaktdagar auka mykje (Vedlegg 5). På landsbasis har raten auka med over 50 prosent, og auken er systematisk og stor i heile landet. Enkelte helseføretak har hatt ein reduksjon frå 2023 til 2024, og for landet som heilskap er endringa mellom desse åra liten.


Det er særst stor geografisk variasjon i kontaktdagsraten, med SCV på 10,2. Finnmark, med høgaste rate på 800 per 10 000 innbyggjarar, har meir enn tre gongar så høg rate som Diakonhjemmet, som har lågaste rate på 264. ADHD skil seg frå andre psykiske lidingar ved at tal kontaktdagar per pasient varierer mindre. Innlandet, Sørlandet og UNN har 8,5 kontaktdagar per pasient, medan Nord-Trøndelag har lågast med 6,2. Såleis er kontaktdagar per pasient i mindre grad ei årsak til variasjonen i kontaktdagsratane. Med andre ord er det forskjellar i pasientrate som i stor grad påverkar ratane for kontaktdagar.



Figur 29. Tal pasientar (øverst) og tal kontaktdagar (nederst) i poliklinisk behandling for ADHD. Tala er per 10 000 innbyggjarar i alderen 18-64 år.

4.2.9. Eteforstyrningar

Dei fleste pasientane som mottok behandling for eteforstyrring i spesialisthelsetenesta er kvinner i alderen 18-44 år. I gjennomsnitt mottok 1200 kvinner i alderen 18-24 år og 25-34 år behandling årleg. Etersom aldersgruppa 18-24 år utgjør ein mindre andel av befolkninga, er omfanget betydeleg større enn i aldersgruppa 25-34 år, sett i høve folketallet. Talet personar med eteforstyrring avtek med høgare alder.



Kjelde: NPR


Figur 30. Gjennomsnittleg tal pasientar med eteforstyrning per år i perioden 2020-2024.

Poliklinisk behandling for eteforstyrning

I perioden 2020-2024 fekk i gjennomsnitt 3800 personar poliklinisk behandling for eteforstyrningar. Raten gjekk noko ned i løpet av femårsperioden, både på landsbasis og for dei fleste opptaksområda (Vedlegg 5). Medan opptaksområda i Helse Vest har lågare rate enn landsraten, har øvrige regionar større variasjon.

Variasjonen i pasientraten for eteforstyrningar var middels. Vestfold og Lovisenberg har høgare pasientrate enn øvrige opptaksområde, som alle er i nærleiken av landsraten. I perioden 2020-2024 hadde i gjennomsnitt 3800 personar 63 100 kontaktdagar i poliklinisk behandling for eteforstyrningar. Det betyr at kvar person i gjennomsnitt hadde 16,7 kontaktdagar kvart år, noko som er forholdsvis høgt for eteforstyrningar. Avtalespesialistar står for ein betydeleg del av behandlinga, men andelen behandla hos avtalespesialistar varierer mykje. Medan berre nokre få er behandla hjå avtalespesialistar i Helgeland, Nord-Trøndelag og St. Olavs, er andelane høgare i helseføretaka i Helse Sør-Øst samt Stavanger og UNN.

Kontaktdagsraten endra seg lite over tid på landsbasis, men Nord-Trøndelag, Diakonhjemmet og St. Olav hadde stor reduksjon (Vedlegg 5). Den geografiske variasjonen i kontaktdagsraten er særst stor, med SCV på 12,2. Vestfold hadde meir enn tre gonger så høg kontaktdagsrate som Helgeland, som hadde lågast. Jamnt over har opptaksområda med høg pasientrate, òg høg rate for kontaktdagar, noko som er reflektert i talet på kontaktdagar per pasient. Imidlertid hadde OUS og Nordland eit forholdsvis høgt tal kontaktdagar per pasient. Mange opptaksområde er imidlertid i nærleiken av landsnittet på 16,7 kontaktdagar per pasient.



Figur 31. Tal pasientar (øverst) og tal kontaktdagar (nederst) i poliklinisk behandling for eteforstyrring. Tala er per 10 000 innbyggjarar i alderen 18-64 år.

4.3. Kommunehelsetenesta


Samhandling mellom spesialist- og kommunehelsetenesta er avgjerande for at pasienten får eit heilskapleg og samanhengande tilbod. Samtidig har kommunane sjølve fridom til, og ansvar for, å organisere psykisk helseteneste på ein måte som best svarar til lokale behov og ressursar. Tenestetilbodet og organiseringa av tenestene varierer dermed mellom kommunar. Dette kan påverke tenestebruk i primærhelsetenesta og i spesialisthelsetenesta.

Fastlege og legevakt har ei større og meir behandlingsorientert rolle for vaksne, medan tenestene for barn og unge i større grad er retta mot vurdering og tilvising. For personar med lettare psykiske lidningar viser ratane både pasientar som seinare blir tilvist til den somatiske spesialisthelsetenesta, og pasientar som får behandling hjå allmennlege. Personar som får oppfølging i kommunehelsetenesta etter at dei har vore innlagde for meir alvorlege psykiske lidningar blir undersøkt nærare i ein eigen forløpsanalyse.

Tilvising og oppfølging hos allmennlege

I perioden 2020-2024 fekk årleg om lag 563 000 personar til saman 1 860 000 konsultasjonar hjå fastlege eller legevakt for psykiske symptom, plager og lidingar. Dette svarer til ein rate på 1681 personar per 10 000 innbyggjarar i den vaksne befolkninga. Det vil seie at rundt 16,8 prosent av den vaksne befolkninga hadde minst ein konsultasjon årleg for psykiske symptom, plager eller lidingar. Raten auka jamt i løpet av femårsperioden, eit trekk vi òg ser i psykisk helsevern for barn og unge, og i fleire somatiske sjukdommar. Variasjonen i pasientrate mellom opptaksområda var liten. Dei fleste opptaksområda i Helse Sør-Øst og Helse Nord ligg høgt, medan opptaksområda i Helse Vest har dei lågaste ratane. Raten varierer frå 1876 per 10 000 innbyggjarar i Østfold - med høgast rate, til 1412 per 10 000 innbyggjarar i Førde med lågast rate.

Kvart år hadde kvar pasient i gjennomsnitt 3,3 kontaktar. Raten auka klart i løpet av femårsperioden, ein tendens vi også ser for tilsvarande kontaktar blant barn og unge, om enn i noko mindre grad, og for fleire somatiske tilstandar. Variasjonen mellom opptaksområda var liten. Helgeland og Diakonhjemmet har saman med Bergen, Førde og Fonna i Helse Vest, lågare konsultasjonsrate enn resten av landet. Helgeland har betydeleg lågare tal kontaktar per pasient enn landsraten, medan dei andre opptaksområda er meir i nærleiken av landssnittet. Fonna og Helgeland har låge ratar, men òg lågt tal kontaktar per pasient. Førde skil seg noko frå desse ved tal kontaktar per pasient på landssnittet, som betyr at ei mindre pasientgruppe mottok noko fleire kontaktar.



Figur 32. Tal pasientar (øverst) og tal konsultasjonar (nederst) hos allmenlege i perioden 2020-2024. Tala er per 10 000 innbyggjarar i alderen 18-64 år.

5. Konklusjon

Helseatlasen viser store geografiske forskjellar i bruk, organisering og oppfølging i psykisk helsevern for vaksne. Målet er å sikre rett behandling til rett pasient og redusere unødig bruk av ressursar, og at heile befolkninga skal ha eit likeverdig tilbod av helsetenester på tvers av geografi og sosiale grupper. Variasjonane tyder på ulik praksis og reiser spørsmål om tilbodet er likeverdig. Samla peikar funna på behov for betre samordning, meir likeverdig tilgang til behandling og styrkt oppfølging av pasientar etter utskriving.

Figurliste

Figur 1. Gjennomsnittleg tal pasientar i psykisk helsevern per år i perioden 2020-2024.	12
Figur 2. Tal pasientar (øverst) og tal kontaktdagar (nederst) i poliklinisk behandling i psykisk helsevern. Tala er per 10 000 innbyggjarar i alderen 18-64 år.	14
Figur 3. Forløpsintensitet i det tidlege pasientforløpet i poliklinisk behandling	16
Figur 4. Tal pasientar (øverst), opphaldsrate (midten) og liggedøgnrate (nederst) i døgnbehandling i psykisk helsevern. Tala er per 10 000 innbyggjarar i alderen 18-64 år.	18
Figur 5. Liggetid i tal dagar for døgnopphald hos vaksne i psykisk helsevern.	19
Figur 6. Forløp etter utskriving for pasientar med depresjon	21
Figur 7. Forløp etter utskriving for pasientar med psykose	22
Figur 8. Gjennomsnittleg tal pasientar med angst- og stressrelaterte lidningar per år i perioden 2020-2024.	24
Figur 9. Tal pasientar (øverst) og tal kontaktdagar (nederst) i poliklinisk behandling for angst. Tala er per 10 000 innbyggjarar i alderen 18-64 år.	25
Figur 10. Gjennomsnittleg tal pasientar med OCD per år i perioden 2020-2024.	26
Figur 11. Tal pasientar (øverst) og tal kontaktdagar (nederst) i poliklinisk behandling for OCD. Tala er per 10 000 innbyggjarar i alderen 18-64 år.	27
Figur 12. Gjennomsnittleg tal pasientar med PTSD per år i perioden 2020-2024.	28
Figur 13. Tal pasientar (øverst) og tal kontaktdagar (nederst) i poliklinisk behandling for PTSD. Tala er per 10 000 innbyggjarar i alderen 18-64 år.	29
Figur 14. Gjennomsnittleg tal pasientar med depresjon per år i perioden 2020-2024.	30
Figur 15. Tal pasientar (øverst) og tal kontaktdagar (nederst) i poliklinisk behandling for depresjon. Tala er per 10 000 innbyggjarar i alderen 18-64 år.	31
Figur 16. Fordeling av alvorsgrad (mild, moderat, alvorleg, vedvarande og uspesifisert) for kontaktdagar knytte til depresjon, basert på gjennomsnittleg justert kontaktdagsrate per 10 000 innbyggjarar i perioden 2020-2024.	32
Figur 17. Tal pasientar (øverst), tal kontaktdagar (midten) og tal liggedøgn (nederst) i døgnbehandling for depresjon. Tala er per 10 000 innbyggjarar i alderen 18-64 år.	33
Figur 18: Liggetid ved døgnopphald for depresjon.	34
Figur 19. Gjennomsnittleg tal pasientar med bipolare lidningar per år i perioden 2020-2024.	35
Figur 20. Tal pasientar (øverst) og tal kontaktdagar (nederst) i poliklinisk behandling for bipolare lidningar. Tala er per 10 000 innbyggjarar i alderen 18-64 år.	36
Figur 21. Fordeling av alvorsgrad for kontaktdagar ved bipolare lidningar.	37
Figur 22. Gjennomsnittleg tal pasientar med psykoselidningar per år i perioden 2020-2024.	38
Figur 23. Tal pasientar (øverst) og tal kontaktdagar (nederst) i poliklinisk behandling for psykoselidningar. Tala er per 10 000 innbyggjarar i alderen 18-64 år.	39

Figur 24. Tal pasientar (øverst), tal kontaktdagar (midten) og tal liggedøgn (nederst) for døgntil behandling av psykoselidingar.....	40
Figur 25. Liggetid ved døgntil behandling for psykoselidingar	41
Figur 26. Gjennomsnittleg tal pasientar med personlegdomsforstyrningar per år i år i perioden 2020-2024.	42
Figur 27. Tal pasientar (øverst) og tal kontaktdagar (nederst) i poliklinisk behandling for personlegdomsforstyrningar. Tala er per 10 000 innbyggjarar i alderen 18-64 år.	43
Figur 28. Gjennomsnittleg tal pasientar med ADHD per år i perioden 2020-2024.	44
Figur 29. Tal pasientar (øverst) og tal kontaktdagar (nederst) i poliklinisk behandling for ADHD. Tala er per 10 000 innbyggjarar i alderen 18-64 år.	45
Figur 30. Gjennomsnittleg tal pasientar med eteforstyrring per år i perioden 2020-2024.	46
Figur 31. Tal pasientar (øverst) og tal kontaktdagar (nederst) i poliklinisk behandling for eteforstyrring. Tala er per 10 000 innbyggjarar i alderen 18-64 år.	47
Figur 32. Tal pasientar (øverst) og tal konsultasjonar (nederst) hos allmennlege i perioden 2020-2024. Tala er per 10 000 innbyggjarar i alderen 18-64 år.	49

Referansar

- Appleby, J., Raleigh, V., Frosini, F., Bevan, G., Gao, H., & Lyscom, T. (2011). *Variations in healthcare: The good, the bad and the inexplicable*. The King's Fund.
- Folkehelseinstituttet. (2024). *Folkehelse rapporten*.
<https://www.fhi.no/he/fr/folkehelse rapporten/>
- Helseatlas Psykisk helsevern for barn og unge*. (2025). Helse Førde HF.
<https://apps.skde.no/helseatlas/v2/bup>
